



# Velkomen til sesongen 2018 i Bulken IL - Fotball

## Utstysrommet

**Alle** er ansvarlege for å halde orden i ballrommet. *Trenarar/lagleiarar* hentar ut det dei treng. Kjegler ligg under taket ved tribuna. Alle ballar og kjegler skal på plass etter trening. Kwart lag har nett med ballar og kvar sin knagg. Respekter dette!

## Trening

Treningstid for dei minste laga er torsdag 17.30-18.30 i Eideshagen. Dei eldre laga avtaler tidspunkt sjølve. Laga må variere kor dei legg treningsfeltet på banen. Fotballmåla skal flyttast ut av grasbanen etter trening og kamp for klipping av graset.

## Kampar

7-åringar har ca 3 cupdagar vår og haust. Datoar kjem på heimesida. Kampdag opp til 9 år er måndag. G10 har torsdag og J11 har tysdagar. På heimekampar må laga sjølve sørge for å laga til bane (5ar er ca 20x30 m, 7ar 30x50). Hugs å ta med vestar i tilfelle draktkollisjon.

## Dommar

Lagleiar må ringe/send SMS til dommar før heimekampane.

## Kiosk

På kampdagar er det ope kiosk. Dette går på rundgang mellom foreldra. Lagleiar varslar sine. Liste over oppgåver til kioskvakta heng inne i kiosken. Hugs å låne nøkkel til din vakt.

## Lagleiar er kontaktperson mot fotballstyret

Trenar og lagleiar på kvart lag skal ha nøkkel til Eideshagen. Ta kontakt med styret om du er ny og skal ha nøkkel. Lagleiar får kvar sin bag med drakter, vikevestar og førstehjelpsutstyr. Ta kontakt med ein i styret når du treng supplering.

## Oversikt over spelarar

Lagleiar lagar/oppdaterer liste over spelarar, skjema ligg på [www.bulkenil.no](http://www.bulkenil.no). Send i excelformat til [fotball@bulkenil.no](mailto:fotball@bulkenil.no)

## Politiattest

Alle som er involvert i laga (trenar, lagleiar) må ha politiattest. Politiattesten søker du om via Altinn. Du må legge ved eit formålsskjema. Dette får du tilsendt av styret. Etter at du får politiattesten må du scanne denne og sende til [fotball@bulkenil.no](mailto:fotball@bulkenil.no)

## Viktige datoar

### 21 og 22. april

Vårsleppcup, Ørnar IL  
(7-12 år)

### 15-17. juni

Voss Cup  
(7-12 år)

### 22-24. juni

Eidfjord Cup  
(7-14 år)

### 17-19. august

Ål Cup  
(10-16 år)

### 23. september - NB!

Minitreff/ Eideshagen Cup  
(7-12 år)

### 3-5. joladag - NB!

Romjuls cup  
(fødd 2002 og eldre samt vaksne)

## Speletid seriekampar

5ar fotball: 2 x 25

7ar fotball: 2 x 30

9ar fotball: 2 x 35

## Kontaktinfo Bulken IL

Postboks 458, 5701 Voss

E-post: [fotball@bulkenil.no](mailto:fotball@bulkenil.no)

Kontonr fotball: 3480 16 02624

Styret: Sjå kontaktinfo web

## Vårslepp cup - Ørnar (21. april / 22. april)

Dette er avspark for sesongen. Foregår i Skulestadmoen.

## Voss cup (15-17. juni)

Laget melder på sjølve om dei ynskjer delta. Deltakaravgifta for laget dekker Bulken IL Fotball, lagkort betalar spelarane sjølve.

## Eidfjord cup (22-24. juni)

Dette er høgdepunktet for store og små i fotballgruppa - alle laga deltek her. Cupen går frå fredag til søndag. Me bur i telt el campingvogn i 5 min gange frå banane og har tilgang til toalett og kjøkken. Det vert laga grillmat til alle laurdags kvelden. Påmelding til dette er i starten av mai. Meir informasjon kjem i eige skriv seinare. For spelereglar og anna info; sjå [heimesida til Eidfjord cup](#).

## Eidshagen cup søndag 23. september

Dette er den store fotballfesten og dagnadsdagen for Bulken IL; sett av datoen. Eidshagen cup er viktigaste inntektskjelda vår.

## Ynskjer laget ditt delta på fleire cupar?

Vårsleppcupen, Eidfjord cup og Minitreff i Eidshagen deltek alle laga på. Det er opp til laga sjølv om dei ynskjer å delta på fleire cupar. Voss cup er ein kjekk cup som anbefalast; denne går helga før Eidfjord cup. Ein del av dei minste laga har reist til Vaksdal cup i starten av september. For lag frå 10 år og oppover kan det vere aktuelt med Ål cup, som går siste helga i sommarferien.

## Romjuls cup

Innandørscup som går 3, 4 og 5, joledag som Bulken IL arrangerer. Fyrste dagen for spelarar fødd 2005 og eldre; dei to andre dagane for vaksne spelarar (aktive og mosjonsklasser).

## Kva kostar det å spele fotball?

Alle som spelar fotball må vere medlem i Bulken IL. Dette kostar 150,- per barn eller 400,- for ein heil familie.

I tillegg kjem treningsavgift til fotballgruppa på kr 350,- for dei minste laga og 500 for dei eldre laga.

Klubben betaler påmeldingsavgifter til cupar, men Eidfjord cup og evt. Voss cup vil koste litt ekstra for spelarkort.

## Heimeside

Me vil leggja ut info på heimesida vår [www.bulkenil.no](http://www.bulkenil.no) og faceboksida <https://www.facebook.com/Bulkenil>

## Grasrotandelen

Me vil oppfordra alle til å registrera seg for Bulken IL hjå Norsk Tipping for Grasrotandel. Dette gir Bulken ein del av overskotet frå Norsk Tipping.

## Dugnad i Bulken IL - Fotball

Inntekter frå cupane vi arrangerer går til å melde på lag i serie og cup samt drift av hus, grasbanen og innkjøp av utstyr.

## 23 sept, Eidshagen Cup

Her må alle rekne med å stille; gje melding til styret i god tid i forkant om du ikkje kan stille denne dagen.

## 3-5. jolodag, Romjuls cup

(13 år og oppover kan spele cup) Mange vert sett opp på ei 4-timars vakt for eksempel i kiosken i idrettshallen. Dette gjeld også foreldre til dei yngre laga.

## Høver ikkje dagen?

Ver snill og gje beskjed i god tid i forkant om det ikkje høver å stille; helst rett etter sommarferien for Eidshagen cupen og innan nov for jolacupen.

## Kiosk under seriekampar

Kiosksal under kampar dekker dommarutgifter. Me sett pris på om du prøver å byte innbyrdes om det ikkje høver når du vert sett opp.

## Dugnad i Eidshagen

Rett etter sommarferien samlast vi medan ungane trenar og slår kantrar rundt banen samt anna arbeid.

## 23. juni, Eidfjord Cup

Du kan verte sett opp på å kutte salat eller grille laurdag.

